



Statens vegvesen Vegdirektoratet
Postboks 8142
0033 OSLO

Dato: 12.02.2014
Dykkar ref.:
Vår ref.: 2014/187-2

Melding om vedtak - høyringsuttale til forslag om endringar i skiltforskrifta m.v.

Fylkesutvalet handsama 30.1.2014 sak 10/14 «Høyringsuttale til forslag om endringar i skiltforskrifta m.v.» og gjorde slikt vedtak:

«1. Fylkesutvalet er nøgd med føreslegne skiltendringane, omtala i høyringbrevet frå Vegdirektoratet frå 20.11.2013. Det er særleg behov for eit eige skilt som syner hurtigladestasjonar for elbilar.

2. Fylkesutvalet er samd med Vegdirektoratet i at fylkeskommunane sin uttalerett i fartsreguleringsaker bør heimlast i skiltforskrifta.

3. Fylkesutvalet er samd med Vegdirektoratet i at Regionkontora i Statens vegvesen bør vera skiltstyresmakt for alle offentlege og private vegar, som også vil omfatta Bergen og andre byområde. Fylkesutvalet tek ikkje stilling til forslaget om at skiltmynde for kommunal veg også kan heilt eller delvis vidaredelegerast til politi med god trafikkteknisk kompetanse.

4. Fylkesutvalet stør Vegdirektoratet sitt forslag til endringar i § 34 i Skiltforskrifta, som gjer det meir mogleg å nytta sanksjonar mot entreprenør/etat når vegarbeidet ikkje vert varsla slik som påbode.

5. Fylkesutvalet meiner at Vegdirektoratet bør vurdere å opne opp for at ein kan ha ein kombinasjon av sambruksfelt og tungtrafikkfelt.»

Vedlagt følgjer fylkesrådmanen sitt saksframlegg.

Thorbjørn Aarethun
Seksjonsleiar

Bjørn Inge Midtgård
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.